



## Bygningsmessige tiltak på kyrkja

Montering av stillas og anna arbeid i samband med vedlikehald, reparasjon eller endring av kyrkja, vil i ein periode kunne ha vesentlege konsekvensar for bruken av gravplassen.

Slike tiltak krev til vanleg ikkje godkjenning av Statsforvaltaren. Men kva må forvaltninga vere spesielt merksam på i samband med omsynet til gravplassen – og dei som vitjar han?



*Foto: Den norske kyrkja*

Gravplassforskrifta har ei overordna føresegn om «orden og verdighet», jf. § 1.

Arbeid på gravplass skal skje på ein sømmeleg og minst mogleg støyande måte slik at det ikkje verkar støytande på nokon, jf. gravplassforskrifta § 9.

### «Orden og verdighet»

Forvaltninga må i god tid på førehand sette opp ein plan for korleis ein skal gjennomføre tiltaket skånsamt for dei som vitjar gravplassen. Denne førebuinga må

òg innehalde ein plan for god informasjon til gravansvarlege og andre som vitjar gravplassen.

- Vil tiltaket føre til at etterlatne ikkje vil kunne vitje enkelte graver? Ta kontakt med festar/gravansvarleg med opplysningar om kva som skal skje og kor lenge tiltaket skal halde på.
- Om gravminne førebels må flyttast, spander nye blomster i plantefeltet og finn fram til ei ordning for å ta vare på eventuelle lykter eller andre «lause delar». Og informer festar/gravansvarleg.
- Støyande og sjenerande arbeid kan berre skje innanfor ordinær arbeidstid.
- Stillas, kraner og tungt utstyr kan lage større press på enkeltpunkt enn det flaten er berekna for. Dette kan ha uheldig konsekvensar for nye graver og gangområde. Store anleggsmaskiner kan òg øydelegge sjølve jordsmonnet.
- Plasser riggområdet med stor omtanke – unngå at det er inne på gravplassen.
- Sikre gravminne, gravutstyr og tre mot skader.
- Dersom ein i samband med arbeidet finn leivningar frå eldre graver, legg ein dei i ei tenleg emballasje og gravlegg han ein annan stad på gravplassen. Merk denne grava i gravregisteret. Følg føresegnene i kulturminnelova om gravplassen er freda.



*Foto: Den norske kyrkja*

### **Gravferd**

- Ein må legge stor omtanke i planlegginga slik at ein mest mogleg kan gjennomføre gravferder/jordfesting i anleggsperioden. Om kyrkja eller kapellet

ikkje kan ha seremoni, bør gravplassen likevel vere tilgjengeleg for gravlegging. Stans synleg og støyande arbeid i samband med gravferder.

- Om riggområdet er på parkeringsplassen, tenk igjennom og gjer eventuelt avtale om ei reserveløysing for parkering om det kjem ei uventa gudsteneste eller seremoni med stort oppmøte.
- Dersom det er større tiltak i nabolaget, slik som til dømes bygging av veg eller bustader, lag rutinar for å sikre ro omkring gravferder. Statsforvaltaren legg dette inn som fast innspel til reguleringsplaner, men den lokale forvaltninga må gjere dei konkrete avtalene.

### **Graver som ligg nær kyrkja**

Sjølv om det frå gammalt av finst graver nærmare bygning på gravplass enn 3 meter, bør ikkje forvaltninga tildele desse som nye graver, jf. gravplassforskrifta § 7.

Ved fornying av festeavtale bør forvaltninga vurdere om det er grunnlag for ikkje å fornye avtala. Gravminne av kulturhistorisk verdi skal ein om mogleg ta vare på, sjølv om dei står nærare kyrkja enn 3 meter. Gravminna bør framleis få stå på den opphavlege plassen sin, sidan flytting reduserer kulturminneverdien. Sjå gravplasslova §§ 16 – 18 og rundskriv Q-06/2020.

Festaren må få varsel i god tid slik at han/familien kan venne seg til tanken om at forvaltninga ikkje ønsker å fornye avtala. Ei grav tett inntil kyrkja kan ofte vere ei gamal familiegrav, og det kan knytte seg sterke kjensler til ho. Med og informasjon, og eventuelt om gravminnet kan stå, vil festaren lettare sjå for seg «familiegravleggingane» framover – i ei ny grav. Feste av gravstad kan berre skje i samband med dødsfall.

Ver merksam på at temaet kan vere svært kjenslevart.

### **Referansedokument**

- Gravplasslova
- Gravplassforskrifta
- Rundskriv Q-06/2020 Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø (Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet)
- Statsforvaltaren sine dokument om kyrkjer og endringar av gravplass, «Kva er vesentleg endring av gravplassen?»
- <https://www.gravplassveileder.no>